



Meland Idrettsråd
c/o Bjørn Tore Hesjedal Markavegen 2M
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2527 - 17/20569

Saksbehandlar:
Eirik Bouwer Utne
eirik.utne@meland.kommune.no

18.10.2017

Gjeldande etablering av Idrettstipend for Meland kommune

Bakgrunn

I sak om Kulturstipend i Meland kommune, KS-45/2017, bad Kommunestyret «...rådmannen fremme sak om idrettstipend for Utval for levekår».

Kulturstipendet vart oppretta med formål om å «...styrke det lokale kulturlivet ved å stimulere til auka samarbeid mellom profesjonelle og frivillige kulturaktørar, og ved å stimulere til profesjonelle kulturtiltak og kompetanseauking som kjem det lokale kultur- og samfunnslivet til gode, òg der det er ein meirkostnad for utøvaren.»

Følgjande retningslinjer for tildeling vart oppretta:

Kulturstipendet skal gå til ein kunstnar/kulturutøvar, som er registrert busett i Meland kommune, har si verksemd herfrå, og som har heile eller delar av si inntekt frå kunstnarisk eller kulturell verksemd. Stipendet skal stimulere til lokal kulturutvikling og lokale kulturopplevingar.

Stipendet skal gå til følgjande tiltak:

Utvikling av lokalt kulturliv i samarbeid med aktørar frå lokal amatørkultur, som leiar fram til eit ferdig produkt eller framsyning.

Kunnskapsoverføring mellom profesjonelle aktørar og lokalt amatørkulturliv.

Eigenutvikling og aukiing av kompetanse, som kjem det lokale kulturlivet til gode.

Prosjekt som stimulerer og sikrar overføring av lokal kunnskap og kultur, og immateriell kulturarv.

Aktuelle uttrykksformar er musikk, dans, scenekunst, litteratur, biletkunst, kunsthåndverk og film/media. Stipendet skal delast ut etter ei vurdering av kunstnarisk innhald, gjennomføringsevne og verdi for det lokale kulturlivet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vidare skal søknaden innehalde ein plan for tiltaket, bruken av stipendet, CV og døme på tidlegare arbeid. Stipendet har ei øvre grense på kr 30 000.

Idrettstipend for Meland kommune

Eit idrettstipend vil måtte ha eit formål tilsvarande som kulturstipendet, men tilpassa tilhøva i idretten. Stipendet bør ha eit mål om å styrke lokalt idrettsliv, og gi utøvarar styrka høve til å utvikle seg innafor idretten sin.

Det vert med dette brev invitert til dialog om saka, og eg håpar Meland idrettsråd i første omgang har høve til å komme med tilbakemelding på følgjande:

1. Korleis ser Meland idrettsråd på oppretting av eit idrettstipend, på generelt grunnlag.
2. Kva bør eit idrettstipend målbere seg, og kva bør hovudformålet for eit slikt stipend vere.
3. Kva kategoriar av idrett og aktivitet bør kvalifisere for stipend.
4. Bør eit slikt stipend vere retta mot visse aldersgrupper.
5. Kulturstipendet har eit klart mål om på å styrke lokalt kulturliv. Bør ein slik direkte lokal effekt vere ein føresetnad for eit idrettstipend?
6. Sett i forhold til retningslinene for Kulturstipendet, er det liknande tiltak som kunne vere aktuelle for eit idrettstipend – eller er tiltaksbehova annleise.

Send gjerne svar direkte til kulturavdelinga, helst innan 3.11.2017.

På førehand takk for hjelpa.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne
leiar kultur

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Meland Idrettsråd

c/o Bjørn Tore 5918
Hesjedal
Markavegen 2M

FREKHAUG